

LÅT O' LINK

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 2

2000

Årgang 10



Valdrisar på Voss (Knut Aastad Bråten m/«fylgje» dansar, Gunnar Gjevre spelar,
Knut Steinsrud fylgjer godt med)

Foto: Ragnhild Leine

Innhold

Leiarbrev	2	Aktivitetar i Valdreslaget i Oslo i haust	7
Skalkefest – Jørn Hilme-stemnet	3	Olav Moe / Hardingfele	8
Vårflaumen informerer	4	Strunkeveko 2000	9
Folkemusikkarkivet	5	«Følkekøbbb» i Røn	10
Songverkstad	5	Jørn Hilme-stemnet 2000	12
Haldor Røynes ærespris	6	Stevtevling 2000	15
Øystre Slidre Spel og dansarlag	6	Primstav 2000/2001	16
Valdreskvelven, program for hausten ...	7		

Leiarbrev

Så er hausten over oss, like våt som den såkalla sumaren me har hatt. Me fekk heldigvis litt mai-sumar og nokre dagar rundt Jørn Hilme-stemnet, slik at me kan ha håp om å halde ut også denne vinteren.

Til å hjelpe oss med overvintringa har me også godt med folkemusikk- og folkedansaktivitet. Dei fleste lag er no i sving att med kursverksemد og arrangement, og det er berre å håpe på godt oppmøte. Frå denne plassen vil eg slå eit slag for samarbeid og samkvem på denne fronten. Me er ikkje fleire enn at me godt kan dra til kvarandre både på kurs, konserter og andre arrangement. Føresetnaden for det er at me ikkje legg opp til aktivitet samstundes. Men det er det vel uråd å unngå også denne hausten. Når dette nummeret av "Låt o link" kjem ut har laga sett opp sine planer for hausten, og då vil eg tru det ligg an til nokre kollisjonar. Det ville vel heller ikkje vore nokor hjelp om bladet hadde kome ut før, laga må jo få lagt sine planar først og det skjer gjerne samstundes. Nokon som har ei god løysing?

Så eit lite tilbakeblikk på årets Jørn Hilme-stemne. Me i VFL er svært godt nøgde med stemnet og takksame for den innsats som nok ein gong har blitt lagt ned på frivillig basis. Med den satsinga som har vore dei siste to-tre åra har stemnet heva seg fleire hakk både i kvalitet og omfang. Jørn Hilme-stemnet har makta det svært fåe kappleikar har greidd, nemleg å fornye seg og framstå som eit interessant stemne – også for andre enn trufaste kappleikslitarar.

Det blir no forventa at styret i VFL kjem meir på banen med visjonar og mål for stemnet. Det skal me etter kvart prøve å gjera, men eg trur det er nødvendig å minne om kva VFL er - nemleg eit styre samansett av personar peika ut blant styremedlemmene i dei ulike medlemslag. Det ligg i dette at utskiftingane kan bli store, og føresetnadene for å uttale seg bastant og innsiktfullt om visjonar og mål for JH vil vera begrensa.

Me i styret er difor heilt avhengige av at Jørn Hilme-komitéen kjem med ei grundig evaluering samt ei tilråding om vidare satsing. Det er her eksperten sit og det er her kvar og ein nemndleiar må koma med innspel om eventuelle forbetringar. For å få litt betre innsikt i arbeidet og erfaringane med årets stemne møtte underteikna på evalueringsmøtet heime hjå Karen i Sælshago 16. august. Frå dette mottok me eit fyldig referat som blir **vårt grunnlag for vidare arbeid med stemnet.**

I det vidare arbeidet med stemnet tek me sjølv sagt også gjerne i mot andre meininger/reaksjonar på kva veg stemnet bør gå framover. Som de veit vart det

vedteke på årsmøtet i vår at me skulle arbeide for å opprette ei lønna stilling knytt til stemnet. Ein svært omfangsrik og grundig søknad til Norsk Kulturråd om festivalstøtte har vorte utarbeidd i den samanheng. Får me eit positivt svar her kan både hovudnemnda og stemnet generelt få litt sårt tiltrengt avlasting og hjelp.

Til slutt minner me om at alle JH-medarbeidarar er velkomne på **skalkefest** i samband med Songverkstaden laurdag 14. oktober.

God folkemusikkhaust til alle!

Nils

Skalkefest – Jørn Hilme-stemnet

Valdres Folkemusikklag vil få be alle som hjalp til på årets Jørn Hilme-stemne på skalkefest på **Slidrehuset laurdag 14. oktober kl. 18.00**. Etter ein varmrett blir det konsert i samband med Songverkstaden som Valdres Folkemusikkarkiv arrangerer denne helga. Her skal mellom anna beste stevtekst kårast. Og etterpå blir det dans....

Dei som kjem til middags (alle håpar me) må melde seg på til tlf. 61 36 80 00 eller e-post nrogn@c2i.net innan 12. oktober. Hjarteg velkomne!



Langeleikspelarar frå Valdres og Gjøvik - Landskappleiken på Voss

Vårflaumen informerer

Danseøving...

Me startar opp med dansingkveldar på Slidrehuset annakvar fredag frå kl. 19.00.

Fyrste gong er fredag 29. september. Og - for å væra heilt sikker på at alle kjem dei rette fredagane, tek me med datoane her:

13. og 27. oktober, 10. og 24. november og 15. desember.

Kurs Kurs Kurs Kurs Kurs Kurs Kurs...

Tom Kjetil Tørstad held kurs i toraderspel på Ulnes skule. Kurset startar onsdag 4. oktober kl. 18.30, og held fram 10 gonger. Kursavgift: 750 kroner.

Påmelding: ring Inger Mant Viken på tlf. 61360502.

Steinar Erland Bakken instruerar valdresspringar for vaksne på Slidrehuset. Start for kurset er fredag 29. september kl. 18.00. Kurset held fram same fredagar som det er danseøving. Kursavgift 200 kroner. Møt opp! !

Ellers held Aud Søyland og Steinar Erland Bakken fram med dansarring, halling-, og valdresspringarkurs for born og vaksne på Leira skule. Dansarringkursa (6-10 år) startar kl. 18.00. Hallingkurset for ungdom (10 år og oppover) startar kl. 19.00. og springarkurset for vaksne startar kl. 20.00. Kurset kostar 200 kroner for born, for vaksne er det 300 kroner. Fyrste kurskveld, valdresspringar, tysdag 26.september. Påmelding og info: ring Aud på tlf. 61362556

Ulrik 150 år...

I år er det 150 år sidan Ulrik i Jensestogun vart fødd. Vårflaumen er med på å markere 150årsjubileet med bløtkake, konsert og dans på Solvang i Aurdal, 2. desember. Ei eige gruppe arbeidar med å førebu bursdagsfeiringa, og me vil koma tilbake med annonse og omtale i forkant av konserten.

Med venleg helsing Vårflaumen

Styret i Vårflaumen spel- og dansarlag 2000-.

Inger Marit Viken:	61360502
Unni Myrheim:	61363780
Mona Håvelsrød Espeseth:	61360507
Berit Schippers:	61363714
Geir Ove Hippe:	90768190
Esther S. Bergene:	61363262
Gunnar Amundsen:	61365190/ 97185725
Ole Aastad Bråten:	61360443/ 90763635

Folkemusikkarkivet

Arkivaren er å treffe i arkivet to faste dagar i veka: **tysdag og onsdag** på dagtid. Du kan nytte deg av lytteplassen elles og, men det er ikkje sikkert at nokon har tid til å hjelpe deg.

Det blir ikkje arrangert opne songkveldar denne hausten. Det har vore for dårleg oppmøte til å kunne prioritere dette.

Som arkivar er eg engasjert i to større prosjekt for tida; for det fyrste den årlege Songverkstaden og det andre er eit samarbeid med Marit Mattisgard og Øystre Slidre spel- og dansarlag om å gje ut ein CD med tradisjonssongaren Ingvar Hegge. Lansering av CD'en blir på konserten **laurdag 14. oktober på Slidrehuset** under Songverkstaden.

Til opplysning blir hovudperson for neste CD-prosjekt Trygve Bolstad.

Songverkstad 14.-15. oktober på Valdres folkemuseum; sjå eiga omtale.
Dei som ynskjer brosjyre tilsendt, kan ringje til arkivet (tlf: 61 35 99 20) eller ta kontakt med leiaren i lokallaget. Påmeldingsfrist: 9. oktober.
Stevtevling; sjå eiga omtale. Innleveringsfrist: 1. oktober.

God folkemusikkhaust ynskjer Bente

Songverkstad

14.-15. OKTOBER 2000 PÅ VALDRES FOLKEMUSEUM

Valdres folkemusikkarkiv og Valdres folkemusikkklag byr for fjerde gong inn til ei hausthelg med tradisjonssong - Songverkstad - med både teoretisk og praktisk vinkling. Det er stor interesse for tradisjonssong i alle bygdene i Valdres, og vi har såleis både miljø og føresetnader for å by inn songarar frå heile landet til ei samling som dette. Laurdag oktober vil Laila Yrvum halde eit innlegg som ho kallar «Folkeviser i ukjent drakt - «Vil du lytte til mi vise?». Sundag presenterer Jon Anders Halvorsen tradisjonsberaren Olav Stuvrud (1906-99). Praktisk opplæring blir ved Laila Yrvum, Jon Anders Halvorsen og Eli Marit Fuglesteg. Det blir som vanleg konsert og dansefest laurdagskvelden på Slidrehuset på Valdres folkemuseum.

Det blir også i år **stevtevling** (nystev) med kåring av dei beste steva på konserten laurdagskvelden på Slidrehuset på museet.

Innleveringsfrist: 1. oktober til Valdres folkemusikkarkiv, Valdres folkemuseum, 2900 Fagernes.

For meir informasjon og brosjyre: kontakt Bente tysd/onsd, tlf: 61 35 99 20

Frist for påmelding: 9. oktober.

Bente

Øystre Slidre Spel og dansarlag

har lagt opp til ein haust som er fullstappa med aktivitetar frå ende til annan. Vi skal halde 8 ulike kurs for barn, ungdom og vaksne i tillegg til den faste øvingsaktiviteten.

Folkemusikkpøbbben på Beitostølen vart ein stor suksess som vi vil halde fram med utover heile hausten. Det blir sett opp buss som kostar berre kr 60.- tur / retur frå Fagernes, og det er ikkje inngangspengar på pøbbben !

Haustfest skal haldast laurdag den 7. oktober på bygdetunet. Det blir konsert med Bård Vegar Bjørnhusdal og Jan Beitoaugen Granli, samt folkemusikkelevane frå musikkskulen. Skarvemellin spelar til dans, så det blir både runddans og bygdedans.

Minnekonsert etter Anna Fuglesteg skal haldast laurdag 4. november på Tingvang. Det blir ein stor konsertkveld, «Haugafolket», som heldt konsert på Hilmestemnet i sumar, skal m.a. presentere den familiетradisjonen som Anna vaks opp med. I tillegg har Agnes Buen Garnås lovt å koma, og truleg blir det endå fleire overraskinger. Etterpå blir det dans utover kvelden.

Fredagsdansen den 1. desember blir mest som ei førejolsamling for alle som vil koma.

Kurs og aktivitetar for barn og ungdom

Songkurs for barn 6 - 9 år

Hallingkurs på Midtre Hegge skule 9 - 12 år

Hallingkurs på Rogne skule 9 - 12 år

Kurs og aktivitetar ungdom og vaksne

Springarkurs for nybyrjarar

Songkurs for vaksne

Munnharpekurs

Hardingfele for nybyrjarar

Valdressong på Valdresvis

Påmelding: kontakt Olav Lie 613 40 515 så snart som råd

Haldor Røynes ærespris

ENDRINGAR I RUTINE

Det har dei siste åra kome så mange forslag på gode kandidatar til Haldor Røynes ærespris at styret for minnefonda har sendt brev til Folkemusikk-laget om at denne må delast ut annankvart år som før.

Dette har styret i Folkemusikklaget slutta seg til på siste møte.

I brevet sitt seier styret for minnefonda at ”dei som er kvalifiserte til å få prisen bør få han mens dei har evne til å glede seg over påskjøninga”.

Valdreskvelven, program for hausten

Feleøving

held fram annankvar sundag kl 20 i Thorpe. Møt fram eller ta kontakt med ein i styret dersom du lurer på noko. Tlf 61367240

Song

Dersom du er interessert i folkeviser, kan du no få høve til å læra meir. Medlemmer i songgruppa vil læra frå seg noko av det dei kan dersom du og nokre fleire melder dykk på. Meld deg på til Kari Hagaseth, tlf 61368227.

Dans

Vi vil på nytt oppmode folk om å koma på dansekveldar. Vi vil prøve å få til variert dans, med noko instruksjon i springar og pols. Folkeviseleik vil vi også leggja inn. Dette skulle vera noko for alle som er interesserte i dans og også songdans.

Fyrste gong 22. oktober kl 20.00 i Thorpe.

Hallingdans er det annankvar tysdag på Åsvang. Kontakt Nils tlf.: 613 68000

Langeleik for vaksne

Bjørg Berge har sagt seg villig til å vera lærar for dei av oss som er for gamle til å gå i musikkskulen.

Kontakt Jan Sparstad dersom du vil veta meir. Tlf 613 67 225

Aktivitetar i Valdreslaget i Oslo i haust

Valdreslaget har **vidaregåande kurs** i Valdresspringar 3 og 4 november. Instuktør er Erik Røine. Kurset er i Halli Nordahl Bruns gt 22 kl 18-21 fredag 3.november og kl 11-16 laurdag 4 november. Pris kr 300 (medl)/350 (ikkje-medl).

For meir informasjon kontakt Elisabeth Bring tlf 22 13 79 64 eller Helene Agjeld tlf 22 64 18 78.

Valdreslaget har **minikurs** i Valdresspringar sundag 19.november i forkant av sundagsdansen i Nordahl Brunsgt. 22. Start kl 18. Pris 75 kr for heile kvelden.

Program på springarøvingane i haust.

Valdreslaget syner video med gamle opptak frå Øystre Slidre på øvinga 23.oktober. Rune Hammarbäck syner stegvariasjoner for gutar på øvinga 20.november.

Oslokappleiken

28 oktober inngår som ein del av ei heil helg med folkemusikk. Det er konserт på Cosmopolite fredagskvelden og Erik Røine spelar munnharpe på Herr Nilsen sundagskvelden.

Olav Moe / Hardingfele

Noko av det som kjenneteiknar vår tid er musikk på ”boks”. Det kjem stadig nye plater, og ein har store problem med å fylgja med i alt som skjer. Det aller meste av dette kjem ut på dei store plateselskapene. Dei har eitt mål på om musikken er god: kor mykje pengar det er som kjem inn i kassa.

Difor er det særleg godt nå det dukkar opp små plateselskap som tenkjer annleis.

”TALIK” er eit eksempel på dette, og attpå til er det eit lokalt selskap for Valdres, det kan vi sjå på namna til alle dei som har vore med på utgjevinga.

På Jørn Hilme-stemnet 2000 hadde dei plateslepp nr 1, Olav Moe / Hardingfele. Rett nok var det eit liknande plateslepp i 1999 også, då kom det CD med opptak av Ola Bøe, men då var dei ikkje noko plateselskap som stod bak.



Dette er arkivmateriale som no blir trekt fram slik at det blir tilgjengeleg for oss alle. Opptaka på plata er gjort i NRK i 1937. Det gjev eit fint biletet av ein stor spelemann og ein stor musikk. Særleg i lyarlåttane får vi høyra kor framifrå musikar Olav Moe var. Formene han nyttar og måten han spelar på skil seg ganske mykje ut frå det vi er vant med i dag. Det gjev god grunn til ettertanke for oss som er så opptekne av tradisjon og rette former når ein så stor spelemann ser ut til å vera nokså fri i utforminga av slåttane. Dette blir også kommentert i det fine tekstheftet som fylgjer med plata.

Dei som står bak utgjevinga har gjort ein svært bra jobb med å finna fram gode opptak og har også greidd å gjera lyden akseptabel, også etter våre moderne krav til lyd på opptak.

Det er ikkje alle som er samde i at det fyrste lydsporet skal ha namnet ”Sørre Myre-låtten”. Den låtten går på høg bas, og den er også kalla ”Moguten”. Det same namnet blir også nytta på eit opptak på plata til Ola Bøe. Det blir i så fall to låttar med same namnet.

Utgjevarane har laga sin eigen stil på omslaget. Denne kjenner vi att frå Ola Bøe CD-en.

Det er eit viktig arbeid som her blir gjort. Eg håpar verkeleg at dei vil halda fram med det, og at det blir nok både av pengar og entusiasme i tida framover til at nye plater med musikk frå arkivet og andre stader kan sjå dagens lys.

Strunkeveko 2000

For 3. gong strunkeveke, og nok ein gong trivelege dagar på Valdres Folkehøgskule. Strunkeveko 2000 samla 74 deltagarar, av desse kom om lag 25 frå Valdres. Deltakarane var i aldersgruppa 8 til 17 år, og dei aller fleste hadde spelt eller dansa i minst 2 år før dei kom.

Nytt i år var at Valdres Folkemusikklag hadde take over arrangementet frå Øystre Slidre og Vårflaumen spel- og dansarlag. Det er kanskje mest korrekt at regionlaget skal ha ansvaret for dette regionale tiltaket. VFL sytte for at styringsgruppe og dagleg leiar heldt fram som før, med unntak av at Ellen Persvold og underteikna bytte plass, slik at Ellen gjekk inn i styringsgruppa og «tjukken i buret» (elevane sitt kallenamn på meg) tok over rolla som dagleg leiar. Aud Søyland var styringsgruppa si grand old, slik ho har vore sidan starten. Strunkeveko er organisert slik at styringsgruppa søker om pengar og bestemmer hovudtrekka i veka, medan dagleg leiar utfører det meste av det andre praktiske arbeidet. Under sjølve stemnet arbeider alle tre, og attå hentar me inn ein del andre frivillige til å hjelpe til med vaktar, servering og dansespel.



Turid Berge og Liv Arneng



Frode, med to elevar

Det var 16 lærarar. Frå Valdres stilte Ole Bråten, Knut Bråten, Bergljot Hedda Lunde, Niels Røine og Henning Andersen. Frå programmet kan nemnast badeturar, konsertar, individuell undervisning, gruppeundervisning, nipe pinne, natursti, dans m.m. Spesielt konsertane våre må nemnast som strålannde. Speleglade og kreative ungdomar gjer desse til storarta hendingar. Velkomne på dei til neste år. Deltakarar og lærarar såg ut til å stortrivst, og me såg sjølve korleis kontakten blømde mellom folk frå forskjellige plassar i landet. Det blir kanskje meir moro og å reise på andre tilstellingar, når ein kjener einannan litt frå før.

Ein filmskapar gjorde opptak frå strunkeveko i år. Tanken er at opptaka skal brukast til ein TV-film, som han skal prøve å

få seld til NRK
eller TV2.
Nord-Aurdal
kommune støtta
dette. I tillegg
blir det laga ein
internvideo, som
deltakarane og
andre kan få
kjøpe for ein
billig penge.
Løp og kjøp!
Og når me fyrst
talar om pengar.
Rekneskapen er

ikkje klar enno, men det ser ut til at veka gjekk så og seja i null. Det er
eit godt utgangspunkt for å søkje om meir pengar til neste år.

Offisiell rapport og rekneskap kan de finne på internett
www.strunkeveko.com i midten av oktober. Til då kan de gå inn på dei
same sidene, og lese alt tullet som står i gjesteboka vår. Fint om du skriv
inn ein liten oppstrammar.

Ikkje strunkeveke utan nattebråk. Diverre ser det ikkje ut til ungdomane
er betre no enn dei var då. Nattevak og spetakel gjorde oss galne, men
var likevel noko av det ungdomane sjølve sette stor pris på. Ved hjelp av
hard, brutal tilsnakk og fysisk avstraffing klarte me stort sett å få lagt dei
i rett seng.

I haustferien reiser mange av deltakarane på eigenarrangert hyttetur.
Utan nattevakt.

Frode, tjukken i buret



Mads Bøhle og Toril Aasegg

«Følkekøbb» i Røn

Vestre Slidre folkemusikk- og dansarlag har ikkje laga noko
ferdig program for hausten, men dei trør til med «Følkekøbb» på
Fosheim Skysstasjon den 20 oktober klokka 20.00.

Der vil lokale grupper vera med og spela til dans, og lokale lag
vil ha diverse underhaldning.

Det er sjølsagt også høve til å kjøpa både mat og drikke.



Bjørnar Blåvarp Heimdal



Lise Lunde Brennhagen



Mona-Håvelsrød Espeseth og Emma
Marita Søndrol Silberg

Bilder av lærarar, leiarar og elevar på Strunkeveko og frå lands-
kappleiken på Voss



Jørn Hilme-stemnet 2000

Ruskjensla etter eit vellukka Jørn Hilme-stemne har lagt seg, regnet og skodda har senka seg over dalen for ei stund. Kjekt å tenkje på at den eine helga i sommar då det var fint vær, var det 40-årsjubileum for Jørn Hilme-stemnet!

Stemnet vart i år arrangert etter omtrent den same leis-



Hallgrim Hansegård og Knut Aastad Bråthen som var på stemnet, anten som deltarar, dugnadsarbeidar eller besökande, fekk truleg med seg at stemnet også i år var godt besøkt. Me hadde auke på alle arrangement. I tillegg hadde me fleire arrangement enn fjoråret. Under jubileums-Hilme hadde me utvida tilbodet med eit **gratis barneteater** i sentrum laurdag føremiddag og på museumsområdet om kvelden. Dette verka til å vera eit svært populært tiltak, og Hilme-nemnda ynskjer å vidareføre dette tilbodet til neste år. Det økonomiske utfallet av stemnet veit me i skrivande stund ikkje, men eit overskot blir det. Av dette overskotet går 30 000,- til Folkemusikklaget som kompensasjon for dugnadsarbeid.

Konsertane våre var me også svært nøgde med. Både lokale og nasjonale namn hadde intimkonsert på museet – eit tilbod som også appellerte til mange! Me tillet oss også å nevne eit par rosande ord om jubileumskonserten "Jørnsrengja", JH sin eigenproduserte hyllest til det kunstnarlege utgangspunktet vårt, Jørn Hilme. Rundt 10 nasjonalt kjende namn deltok i det som IdaLou Larsen i Nationen omtala som "en konsert helt uten dødpunkter". Æra for denne konserten skal i fyrste rekke Ingår Ranheim ha. Ingår skreiv manuset om Jørn Hilme og hadde jobben som konferansier, medan konsertsjefen Knut Aastad Bråthen hadde ansvaret for den kunstnarlege tilrettelegginga.

Kappleiken var også i år godt besøkt – med fleire startnummer enn i fjor. I år var me opp i 130 startnummer. For neste år håpar me spesielt at fleire A-klassingar stiller opp. Me håpar den nyinnkjøpte Røinibøgin

skal vera eit godt lokkemiddel for felespelemenn!

Det er sjølv sagt mange andre sider av stemnet som hadde fortent å nemnast spesielt, men me nøyer oss med å slå fast at stemnet hadde vore umogeleg å gjennomføre utan alle dei velvillige dagnadsarbeidarane.

Takk til kvar og ein i sær! Ein spesiell takk går til storslitarane i **hovudnemnda**: Anne Marie Aastad Bråthen (tevlingsnemnda), Knut Aastad Bråthen (konsertnemnda), Ole Aastad Bråthen (vakt-nemnda), Anne Berit Strømmen Strand og Tordis Gjever (matnemnda), Berit Karlberg (pynte- og ryddnemnda), Kristin Gulbrandsen (teknisk nemnd), Frode Rolandsgard (PR-nemnda), Bjørg S. Silberg (kursnemnda), Jan Sparstad (premie-nemnda), Inger Marit Viken (økonomi-nemnda).



Ole Aastad Bråten

Framover

Og då er det på tide å rette blikket mot framtidige Jørn Hilme-stemne. Profilen til Hilme-stemnet har utmeisla seg dei siste åra: **Stemnet skal vera attraktivt både for lokalt publikum utan særleg kjennskap til folkemusikk/-dans og for "kjennarar", både lokale og tilreisande.** Dette er ein profil som Folkemusikklaget heile tida har støtta og som seinast vart uttala på evalueringsmøtet etter stemnet i år.



Knut Aastad Bråten

For å halde seg på det nivået og omfanget som Hilme-stemnet har fått dei siste åra, meiner me i hovudnemnda at me treng meir pengar i støtte. **Festivalstøtteordninga** er den potten som alle musikkfestivalar av ein viss storleik får støtte frå. Denne ordninga blir administrert av Kulturrådet, og søkerane må kunne vise at dei har ein viktig plass i festivaltilbodet. Det meiner me i Jørn Hilme-nemnda at me har. Me hadde i fjar like mange besökande som Telemarksfestivalen, og truleg også Ål-dagane (som ikkje offentleggjer besökstala sine), me er den eldste folkemusikkfestivalen i Noreg og me samlar årleg deltakarar og besökande frå

heile landet til det som er vår spesielle nisje, nemleg kappleikstilbodet og dei intime kveldane på Valdres Folkemuseum. Både Telemarksfestivalen og Ål-dagane er tungt inne på festivalstøtteordninga, medan Jørn Hilme-stemnet har måttå laga sitt program med eit **vesentleg** mindre budsjett. Det er sjølv sagt ikkje noko mål å bli som desse festivalane (me har jo allereie det beste tilbodet!), men me meiner det er relevant og naturleg å samanlikne seg med festivalar som er like store. Det gjer truleg allereie festivalpublikumet.

Me har for 2001 søkt om 150 000,- i støtte. Desse pengane vil me nyte på tre hovudområde: **kunstnarleg sikring av stemnet** (dvs. styrke og profesjonalisere konserttilbodet), **organisatorisk utvikling** (sikre kontinuiteten gjennom ei mindre stil-

ling knytt til stemnet) **og auka marknadsføring**. Kvalitetssikring av konseptet vårt er viktig. Samtidig krev eit stemne på vår storleik kontinuitet og ein god organisasjon. Satsingane på JH dei siste åra medfører eit større arbeidspress og større ansvar for stemnet. Difor finn me det rett å satse på å knyte til oss ein person i ei mindre stilling slik Folkemusikklaget vedtok på årsmøtet i vår.

Korleis denne stillinga skal organiserast og storleiken på ho, er opp til Folkemusikklaget som arbeidsgjever å avgjera. Det vil sjølv sagt også vera avhengig av om me får støtte og kor mykje me evt. får. Hilme-nemnda vil utover hausten kartleggje kva for arbeidsoppgåver me kunne tenkje oss å overføre til ein lønna person.

Stemnet vil likevel fyrst og fremst vera eit dugnadsstemne.

Det er truleg at mange har **synspunkt** på korleis Jørn-Hilme-stemnet skal drivast framover. Me vil difor gjera merksam på at det er Folkemusikk-laget som står som arrangør, men at hovudnemnda for JH har blitt gjeve eit mandat til å forvalte og utvikle stemnet på best mogelege måte.

Hovudnemnda vil til ei kvar tid rette seg etter det Folkemusikklaget vedtek, men meiner også at me har ein visst fridom til å satse på dei tinga me synest er bra, om dette ikkje strir mot Folkemusikklaget sine vedtak. Me oppmodar difor folk med meininger om stemnet om å ta opp saka i



Bergliot Hedda Lunde

Folkemusikklaget eller å engasjere seg i arbeid i hovudnemnda!

*Til slutt vil me nok ein gong takke alle dugnadsarbeidarar og håpe på
eit godt samarbeid også til neste år!*

For Hovudnemnda: Ellen Persvold Karen Marie Kvåle

Stevtevling 2000

Kjære rimsmed

Valdres folkemuseum og Valdres folkemusikklag lyser ut ny tevling i nystev. Dette året ynskjer me også stev som kan knytast til Valdres folkemuseums 100-årsjubileum i 2001. Stikkord: fortid - notid - framtid.

Eg minner om dei ulike stevkategoriane:
EINSTROFING - eitt vers med bodskap
STEVLEIK - erting/utfordring/replikkar i vekselsong/kappestrid mellom to personar
STEVREKKJE - fleire vers der kvart vers kan stå aleine med meinig
DIKT ELLER VISE I STEVFORM - fleire vers med ei handling som gjer at versa ikkje kan framførast enkeltvis.
Det er viktig at steva har eit flytande muntleg språk. Skriv gjerne på dialekt. Me er i utgangspunktet ikkje ute etter veldig lange stev med mange vers. Kunsten er å seie mykje med få ord. Ikkje gløym einstrofingen som uttrykksmåte!
Eit stev er eit fullstendig dikt på 4 liner der 1. og 2. line har tostava enderim mens 3. og 4. line har einstava enderim.



Aud Søyland

Eit døme:

*Det æ arkiva rundt um i landet
o arkivara so sjele kan det
med å ta vare på alt mø treng
so kling frå strupe og felestrenge.*

(Rolf Karlberg)

Frist for innlevering:

**1. okt. til Valdres folkemusikkarkiv, Valdres folkemuseum,
2900 Fagernes.**

Kåring av dei beste steva blir som i fjor på konserten under Songverkstaden 14. oktober på Slidrehuset på museet.
NB! De treng ikkje å framføre stevet sjølv! Fine premiar!
For spørsmål: ring Bente tlf. 61 35 99 20 (tysd/onsd).

Lukke til!

Bente

15

B

Primstav 2000/2001

Primstaven er ufullstendig. Du må sjå lenger framme i bladet dersom det er noko du leitar etter og ikkje finn. Ta kontakt!

Valdres Folkemusikklag

- 14.-15.10. Songseminar
14.10. Skalkefest

Valdreslaget

- 28.10. Oslokappleiken

Valdreskvelven

- 8.oktober Feleøving - start
18.oktober Songkurs - start
22. oktober Dans i Thorpe - fyrste gong i haust
2. desember Konsert/dans - Øystein Nickolaysen/Åge Sogn
23 mars Lokalkappleik i Vang

Vestre Slidre Folkemusikk- og Danselag

Fredag 20. oktober kl.20.00 Følkepøbb på Fosheim skyssstasjon

Øystre Slidre spel- og dansarlag

Oktober

- | | | |
|----------|-----------------|-------------------------|
| Laur. 7 | Haustfest | Utdeling av barne CD |
| Sun.15 | Danseøving | Fre. 1 Fredagsdans |
| Fre. 20. | Folkemusikkpøbb | Sun.10 Danseøving |
| Sun.22 | Danseøving | Fre. 15 Folkemusikkpøbb |
| Sun.29 | Danseøving | |

DESEMBER

- | | |
|---------|-----------------|
| Sun.14 | Danseøving |
| Fre. 19 | Folkemusikkpøbb |

JANUAR 2001

NOVEMBER

- | | | |
|---------|-----------------|-------------------------|
| Laur. 4 | Minnekonsert | Sun.14 Danseøving |
| Sun.12 | Danseøving | Fre. 19 Folkemusikkpøbb |
| Fre. 17 | Folkemusikkpøbb | |
| Sun.19 | Danseøving | |
| Sun.26 | Danseøving | |

Vårflaumen

29. september Start på kurs i Torader, Valdresspringar,
13. og 27. oktober, 10. og 24. november og 15. desember. :
Dansekveldar på Slidrehuset
2. desember Ulrik 150 år
Sjå elles side 4. Vårflaumen informerer.

*Dette nummeret av Låt o'Link er gitt ut av lokallaga i Vestre Slidre og Vang. Neste nummer kjem nærmere jul, og det vil styret i VFL ta seg av.
Alle foto: Ragnhild Leine*